

GulenSkyss AS
Eivindvikvegen 1092
5966 EIVINDVIK

Dato: 05.06.2018
Vår ref.: 2018/10140-4
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve for strekninga Bergen - Hellesøy - Fedje - Bergen - melding om vedtak og oversending av ruteløyve

Vi viser til dykkar brev av 04.04.18 med søknad om ruteløyve for båtrute på strekninga Bergen – Hellesøy – Fedje – Bergen, og bussrute på strekninga Bergen – Hellesøy.

Fylkesutvalet gjorde i møte 31.05.18 følgjande vedtak i saka:

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for båtrute på strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy. Det er eit vilkår for ruteløyvet at rutetilbodet er tilpassa personar med nedsett funksjonsevne.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Hellesøy.

Ved oppslag i Statens vegvesen sitt transportørregister, kan vi ikkje sjå at de har turvognløyve.

Bussrutedrifta kan ikkje drivast utan at de har mist eitt turvognløyve. Då de i tillegg har opplyst at de likevel ikkje vil nytte ruteløyvet for den omsøkte bussruta, vil vi i denne omgang ikkje utferde ruteløyve for bussrutedrift. Eventuelle merknader til dette må sendast innan tre veker.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.